

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representant Symphorien Pombe har sendt inn følgjande spørsmål som han ønskjer svar på i møte i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 16. september som førebuing til budsjettforhandlingane.

1. Vil Fargespill komme inn under den nye prosjektordningen for integrering, vedtatt i hovedutvalget i vår?

Kulii vedtok å setje av 1,3 million til tilskotsordning for inkludering og mangfald.[\(«Tilskot til inkludering og mangfald»\)](#) Kriteria for kven som kan søkje er følgjande:

- Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging
- Institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde

Om Fargespill søker her vil dei verte vurdert ut frå dei vedtekne kriteria saman med dei andre innkomne søknadane.

Forøvrig ligg Fargespill inne på eiga line i Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett for 2020 med 1 142 000 kroner, under Ymse kulturføremål . Dei har ligge på Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett gjennom fleire år. Dei er sett på som eit framifrå kulturtiltak i seg sjølv - som også har ein viktig integreringsfunksjon.

2. Finnes det i dag et kulterkort for ungdom i Vestland? Hva vil det koste for Vestland å ha et kulterkort for ungdom mellom 16-20 år?

Det er pr i dag ikkje nokon ordning med Kulterkort for Ungdom i Vestland. Hordaland og Sogn og Fjordane var to av mange fylke som etablerte slike ordningar på midten av 2000-talet, på oppmoding frå Staten. Modellane for og erfaringane frå slike ordningar er noko ulike, men i dag er det få fylke som framleis har ei kulterkort-ordning.

I Hordaland var det sett av midlar til kulterkortordning frå 2006 til 2015, og ordninga vart avvikla på grunn av at ho ikkje vart vurdert som vellukka nok til å forsetje med. Sogn og Fjordane avvikla si ordning i 2013 av same grunnar. Det er m.a. svært arbeidskrevjande å administrere ei slik ordning på eit nivå som gir nytte for ungdommane og kulturtildarane. Det var også svært vanskeleg å få eit slikt kort til å vere relevant for ungdom utanfor byane.

Om ein skulle få eit slikt tilbod til å fungere godt ser fylkesdirektøren at det vil krevje minst 2 - 3 årsverk for å administrere dette. Om ein vel ein modell der kulturinstitusjonane skal få kompensert / subsidiert dei inntektene dei taper på å selje rabatterte billetter til ungdom vil dette kome i tillegg.

Eit kulterkort for ungdom krev kontinuerleg oppfølging og mykje informasjonsarbeid. Fylkesdirektør meiner - ut frå tidlegare erfaringar - at fylkeskommunen i samarbeid med kulturlivet sjølv kan jobbe meir effektivt og nyttig på anna vis for å få ungdom og andre grupper til å bruke kulturtildoda og senke tersklane for deltaking.»